

NORVEG


TIDSSKRIFT FOR FOLKELIVSGRANSKING
JOURNAL OF NORWEGIAN ETHNOLOGY

Ny serie av Ord og Sed

5

Redigert av NILS LID

OSLO 1955
H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)



N I G A R D S B R E D E N I J O S T E D A L

BREDEN OG BYGDA

Av T. O. EIDE¹

Ver og vind skifter gjennom utoalde tidbolkar. Naturrevolusjonar har sett merke etter seg i berg og dal. Mange av dei har gripe inn i bondesamfunnet med harde tak. Slik var det i hundreåret 1650—1750. Brederas, steinsvor og snøfønn raserte då ofte hus og gard. Folk strauk med, og ulukkene var på sitt verste nett då bygdene heldt på koma seg føre etter dei ulivssår Svartedauden og andre farsotter hadde gjeve.

Desse ulukkene hadde klimatiske årsaker. Regn og nedbør førde under unormale tilhøve til elvabrot og steinsvor. Store snøfall kunne verta årsak til farlege snøskrider.

Ser vi på Vestlandsfjella i dag, finn vi ei mengd bredebrotnar, skapte av isen gjennom erosjon. I fleire av dei ligg der enno noko is att. Men mange er tømde, isen vekkbråna, og det provar at vi no er inne i ein varmebolk, og at den klimatiske stillinga i dag er som i fyrste halvparten av 1600-talet, før den store bredeframstøyten tok til. På få år etter 1650 skapte auka nedbør og unormal kulde is og bredar over alle høgfjell i landet. Men med unnatak av Jostedalsbreden, Svartisen og Folgefonna var bredane relativt små.

Den største er Jostedalsbreden, største breden på det europeiske fastlandet. Då Jostedalsbreden var på det største i 1750-åra, låg han mest i ei flekkje frå Grotli og ned til Vetlefjorden i Sogn. Frå 1850-åra serleg har


¹ Lagt til rette for prenting av Svale Solheim.

breden minka. Fyrst bolkevis, men etter 1930 med stormsteg. Av dei 24 store blåbredane som i 1880—90-åra gjekk ut frå hovudmassivet og ned i dalane, er det av fleire lite og inkje att.


Den store vidda og den store tjukna som dei unormale klimatilhøve hadde skapt, var avgjerande når den platiske ismassen flaut ned og fram gjennom brededalane. Og faret etter bredetunga er markert av stein, grus og store morenehaugar. Når det gjennom gamle fråsegner og rettsbøker er prova at dei dalane som vart raserte under den store bredeframstøyten, var bøndene sin «fordums herlighed med fægang og slaatekvier» (jfr. nedanfor!), må det vera klårt at der tidlegare ikkje har vore brede på mange hundre år, kanskje tusen år. Dette samstavar elles med dei glyttar ein kan få av tilhøva gjennom diplom og andre kjelder. Det kan nok ha vore ein skilde kalde år, «svartår», gjennom mellomalderen og fram til 1600-talet. Men det har i alle høve ikkje vore så katastrofalt som i bolken 1660—1748. Pa jamnen har det nok vore så mildt at det ikkje har late etter seg varige merke etter nokon bredeframstøyt.

Dei gamle sa at bredane (bredetungene) går fram i 50 år og så attende i 50 år. Så regelrett er det nok ikkje. Det som kan provast er at breden hadde ein sterk og uhyggeleg vokster frå 1660 til 1748, då han nådde maksimum. Så minka breden spakt til 1850, noko snøggare til 1880. Gjennom dei siste 70 og sers dei siste 25 åra har minkinga gjenge uvanleg fort. Men innanfor denne lina ville serlege vinterbolkar med store snøfall og serlege sumarbolkar med stor avsmelting ha gjeve avvikande hakk dersom voksteren var teikna opp i ei kurve.

Noko vitskapleg grunnlag med temperaturmålingar og andre observasjonar har vi sjølv sagt ikkje frå eldre tid. Det er på andre vegar ein lyt koma inn til dette naturhistoriske storthendet. Ein må prøva skjøna soga innanfrå — med folkelege fråsegner, åstadene og retts-



Brenndalsbreden kring 1890.



Jostedalsbreden. Bøyumbreden til venstre, Suphellebreden til høgre. Fot. Widerøes Flyselskap.

bøkene som kjelde. Mykje kan vera bortkome, men når alt som er att, vert sanka i hop, er det nok til å få fram eit sant bilet av tidbolken og dei tilhøva storbreden skapte.


Frå gamal tid har bygdene rundt Jostedalsbreden vore tettbygde og godt folkesette. I fjelldalane var det gode beite og god slåttemark. Om åkrane var små, så var dei grornærme, og levevilkåra gjennom 1500- og fyrste parten av 1600-talet var etter måten gode. Garden Bødal i Lodalen, som seinare fekk skade av storbreden, hadde kring 1650 over 100 nautsbeist og avla over 100 tunner korn. Når dei kunne ha så stor fødnad, var det avdi det i dalane var så gode beite, og så hadde dei slåttekvier med høylører der det var ljåfarande. Tid og avstand hadde lite å seia i den tid. Det var lang arbeidsdag og ein naturgeven arbeidstrott, og så jamna dei ut mykje av arbeidet med di dei tok høykøyringa og høydraginga — fra utmarkene og heim — om vinteren på snøføret.

Der var bruk i inste Nordfjord som kunne ha over 20 skogålør, og ein stor part av høyavlina var skogahøy. Det var eit avgjerande grunnlag for avdråtten og for den tad, gjødsel, som dei måtte ha på åkrane.

Det er difor lett å forstå at folket, etter kvart som øydelegginga skreid fram, såg seg nøydde til å krevja høveleg avtak i skatt og skyld. Ved sida av det som vert fortalt frå ætt til ætt, er rettsbøkene og skyldavtaka den sikraste kjelde til kunnskap om desse dramatiske hendingane, der heile gardar kunne verta sopra bort av breden, og heile dalføre lagde i grus.

STORBREDEN VERT TIL

Dei gamle fortel som ei seiande segn at før den store bredeframstyten kom i 1650-åra, var det gode beite i alle dei dalane som seinare vart raserte av breden. Graset



Stykke av gråbeinstengsle funnen 1936 nær Sisiliekruna
i Olden. Fot. Aftenposten.

gjekk opp i sidene på kyrne, og føresetnaden for dette er eit humus-lag som det tek mange og lange hundreår å skapa. Der var gardar som på 1300-talet og truleg lenge før låg tett opp til breden utan å ha nokor naud av det. Karakteristisk er opplysninga om at bøndene i Fjordane ein gong i mellomalderen vart sette i bann avdi dei ikkje svara tiend av hatlenetene sine (O. A. Johnsen: Norges bønder, s. 164.) Hatlen krev eit varmt klima for å gjeva fullmogne neter. Endeleg er skatte-avtaka på 1600- og 1700-talet eit avgjerande prov i seg sjølv. I dokument frå 1680—90-åra vert det sagt direkte at breden og bredeelvane har øydelagt for bøndene deira «fordums herligheid med fægang og slaatekvier».

Dei gamle fortalte at folket i dalane kring Jostedalsbreden såg dei første bredeskavlane som ei kvit kyr i himmelsjå. Det auka på med kulde og nedbør, snøa mest året rundt. Det var kalde og stutte sumrar, og breden auka over alle høgfjell.

Jostedalsbreden ligg på eit fjellplatå, på det høgaste nær 2000 meter over havet, og hadde, då breden var på det største i 1740—50, ei flatevidd på nær 1500 rutekilometer — sidebredane som gjekk ut frå storbreden medrekna. Breidda på sjølve hovudmassivet var mange stader 18—20 kilometer.

I åra 1936 og 1951 vart det i fjellet mellom Innvik, Breim og Olden funne ei gråbeinstengsle med namnespile, som nett då hadde tøya ut av breden. Stengsla hadde vore oppsett på berr mark og så snøa ned og gøymd i breden. For 50 år sidan låg det ein brede, truleg 40—50 m tjukk, der stengsla låg. Dette provar at breden har lagt seg «på berr bakke», under klimatiske tilhøve som i dag, og som sikkert også rådde i fyrste halvparten av 1600-talet. Når ein reknar med at dei fyrste skadane kom mellom 1660 og 1670, lyt ein gå ut frå at hovudmassivet trong eit kvart hundre år før det voks så mykje at det flaut ut over og gjorde skade. Det er elles typisk for tilhøva at

det var ved den breiaste parten av massivet og ved den kortaste bredetunga som gjekk ut frå dette, at dei fyrste storskadane meldte seg.

Dei blåbredane som går ut frå storbreden, kan ein skilja i to slag:

1) Dei som har direkte samanheng med storbreden. Dei kan ymsa i lengd og breidd. Den lengste er Tunsbergsdalsbredden på Sognesida, som er 14 km lang. Rørsla hjá desse rettar seg etter tjukn, skråning, temperatur, fjell som stikk opp i farleia og andre faktorar. Kompliserte tilhøve gjer at det er stor skilnad på dei ymse blåbredane. Dei mest stabile tilhøve mellom framgang og avsmelting finn ein i tidbolken 1750—1890. Framgangen for døgret låg då truleg mellom 0,5 og 2 meter og ein tilsvarende årsframgang. Rørsla er størst, om lag 3 gonger så stor, om sumaren som om vinteren. Smeltevatnet og varmen gjer breden tøyeleg og hål. Når avsmeltinga er større enn framgangen, vil breden etter kvart minka vekk.

2) Hengjbredane eller dei bredane som vert skapte ved regenerasjon: Når storbreden, stendig i rørsle, ligg fram på eit høgt fjell eller stup, fell det med korte mellomrom is utføre og ned i dalbotnen, der det vert bygt opp ein isbrede for seg sjølv. Mange av bredane rundt Jostedalsbreden er av denne typen. Det er rimeleg at då breden var på det største i 1730—50-åra, hadde mange av desse bredane samband med storbreden direkte. Brenndalsbreden, som i 1743 raserte og la i øyde garden Tungøyane i Oldedalen, var av denne typen.

Dei skadane storbreden og bredetungene valda, var av ulike slag. Dei viktigaste var: /Når breden gjekk fram over mold og sandgrunn, førde bredetunga mold, sand, stein og alt som kom i vegen, framfor seg til framgangen hadde nådd maksimum./ Fall det stein og grus ned på brederyggen frå fjellet inne mot massivet, bar breden dette fram til avsmeltningspunktet. Det er på denne

måten alle dei store morenehaugane i bredelegene har vorte til. Tidt kunne elvafaret verta skipa, elva tok nytt far og valda skade. Stundom når breden gjekk attende, kunne det laga seg eit lite vatn i bredelega. Når dette brast ut og elva «gjekk med svor», vart det oftast stor-skade. Ein stor part av dei skadar breden valda, har dette som årsak. Men breden valda også direkte skade når isen braut seg fram over dyrka mark og tun og raserde husa.

STORBREDEN GJER SKADE

Tungøyane.

I fyrste halvparten av 1600-talet vokser storbreden så mykje at grunnen vart lagd til den veldige snøvidda. Beistetal og avling tyder på at det likevel har vore ein relativt mild bolk kring 1650. Men i tidbolken mellom 1660—70 og 1748, då breden var på det største, markerer ei rad med ulukker den eksplosive voksteren som gjekk føre seg. Mellom desse ulukkene var ingen så dramatisk og syrgjeleg som øydelegginga av garden Tungøyane i Oldedalen.

Tungøyane låg i Oldedalen, eit par mil frå sjøen og om lag 100 meter o. h. Frå garden gjekk ein fleire kilometer lang dal inn mot fjellheimen. Det var ein gammal gard. I Bjørgynjar Kalfskinn heiter det at presten i Alda (Olden) hadde 1 sketting, og Sunniva-altaren (i Kristkyrkja i Bjørgvin) 1 månadsmatsbol i garden. Han er der nemnd i *Tungu*.

Der dalen ovanfor garden gjekk inn mot bredefeltet, var det eit stup opp mot breden. Når breden vart tjukk og kom i rørsle, mol det brede-is og snø utføre, som etter kvart vokser opp til ein brede nede i dalbotnen. I dalen

var det flatt, og fint beite. I slutten av 1600-åra hadde breden kome langt fram etter dalen, men denne var så pass lang at det var først inn i 1700-åra beitet vart øydelagt og breden kom fram på høgda ovanfor garden og truga hus og heim. Etter som breden seig fram gjennom dalen (Brenndalen), kasta elva (Brenna) seg, grov ut og øydeløs øker og eng. Garden var prestebolsgods og låg etter reformasjonen til presten i Innvik. Hans Schreuder som var sokneprest der 1683—1707, var ikkje serleg mild mot leiglendingane sine. Mot slutten av 1600-talet hadde det vore store naturskadar på mange gardar i Indre Nordfjord. Det hadde vore avtaksforretningar på mange av dei i tida 20. august til 18. september 1693, utan at avtaka hadde gjeve utslag i skatte-mink. For å greia opp sitt eige tilhøve til presten Schreuder og som målsmann for dei skadelidande gardane var Hugleik Tungøen to gonger til Kjøbenhavn. Fyrste gongen hadde han med seg søknad til kongen om ny gransking. Siste gongen henta han kongebrev om gransking av skade på 36 gardar i Stryn og Olden skipreider. Han leverte kongebrevet til stiftsbefalingsmannen i Bergen 23. juli 1702. Så reiste han heim etter den gamle «strandavegen» mellom Bergen og Nordfjord, men fraus i hel på fjellet mellom Sværen i Sogn og Viksdalen i Sunnfjord.

Avtaka og rettsbøkene er dei sikraste kjeldene til kunnskap om den store bredeframstøyten og dei store ulukkene som fylgte med. Det vart halde avtaksforretningar i 1685, 1693 og 1702. Det vert då sagt at i dalen, der Tungøyane før hadde beitet sitt, ligg no ein følande stor snøbrede som «aarlig udbryder» med stein, vatn og sandyrje, som grep ut og øydelegg jorda ned mot dalbotnen og trugar hus og tun. Når breden skreid fram etter dalen, vart elva oppdemd, og når vatnet så braut seg ut, vart det storflaum, som sopra med seg alt som kom i vegen.

På bruket til Hugleik kom ein ny mann, Rasmus Andersson, som bygsla prestebolsgods i 1708. Saman med

grannen, Rasmus Olsson, sende han i 1728 dette skrivet til stiftsbefalingsmannen:

«Høyædle og Welbaarne Hr: Stiftsbefalingsmand!

Vi underteignede tvende fattige Opsiddere og Leilendinge paa den gaard Tungøen, der effter den gamle Matricul har skyldet aarligen til Indvigs Praestebøel 2 løber 1 pund Smørs Leile, aarsages underdanigst og allerydmygst for deris Høyædelbaarnhed at andrage den store nød, fare og elendighed vi fattige folck, med qvinder og børen ere undergivne, i det vores hid indtil paaboende gaard, Tungøen har baade udj vores forfæderes og egne tider, af en, oven for gaarden farlig og høyst skadelig Snebrædde saa og en der neden for, igennem den heele Oldedahl, løbende grumme Elv, aar effter aar faaet stor skade baade paa ager og eng/: saa og at vi i særdelished ved den forskreckelige store Snebræde, seer snart døden hver dag for øyene:/ at vi snart iche nu hereffter, uden med største lives fare, trøster os til at boe og bygge derpaa, og langt mindre os med fattige qvinder og børn af de overblevne ringe lefninger, som endnu af ager eller Eng, for den hid indtil satte skyld kand findes i behold, at ernære; Dette altsammen, blev og udj vores forfædres tid, af landets høye øfrighed, saaledes høygunstig Consideret at udj aaret 1702: skeede har et lovligt avtag paa gaarden, saaat effter den, til samme tid erlitte skade blev af feldet en tredie part nemlig 2 pund 8 merker af gaardens skyld; hvilket og strax af hans Køgl: Majt allernaadigst blev approberet og endnu staar ved magt; Siden dereffter og udi aaret 1723 da den allernaadigste anbefalede Matricul Commission her udj Nordfjord blev holden, blev endnu effter den skade, som da paa ny var skeed, aftagen 16 Marker Smørs leie saa gaardens Endelige skyld skulle da være igien 1 løb 1 pund Smørs leie; Men som foruden dette, at samme seniste affeldning iche stoed ved magt er os endnu siden den tid paafalden saa stoer ulykke, skade og fordervelse paa fornefnte vores paaboende jorder, at vi umueligt, saa-

dant her til fulde Kand beskrive, eller nogen rettelig kand troe eller tænche hvad fare, skade og fordervelse vi fattige folck ere undergivne, førend alt saadant af vores foresatte øfrighed, tillige med fornuftige mænd vorder taget udj øyesiun og til fulde beskrevet, jnd flyer derfor udj allerdybeste ydmyghed til Deris Høyædelbaarnhed, at ald denne vores store nød og anliggende maatte saaledes udj Naade vorde anseet, at Kongl: Majts Foget og Sorenskriver med uvillige Laug Rættes mænd allergunstigst kunde vorde befalet at komme her til aastædet og tage alting under en lovlig siun og granskning, og derhos samme vores erlitte skade saaledes ordentlig beskrive af sine omstændigheder og værdie imod det som nu af jorden kand findes i behold, at vi dereffter Kand leve udj det allerunderdanigste haab, at blive med et billigt og allernaadigst avtag, udj de aarlige Skatter, samt landskyld og andre Contributioner, benaadet; Saadan stor hielp og Mis-kundhed imod os fattige og høybetengte folck vil den Allerhøyeste Gud visselig igien velsigne og belønne hvor-imod vi og stedse forbliver. Titl:

Underdanige og aller ydmygste tienere
Rasmus Andersen og Rasmus Olsen Tungøen.»

Resolusjonen fra stiftsbefalingsmannen er dagsett Bergen 15. april 1728, og 12. oktober kom sorenskrivaren med seks lagrettemenn fra Olden skipreide «effter de tvende fattige og høybetengte Danemend . . . deris underdanigste ansøgning og begiering» for å halda av-taksteneste.

Under rettshandsaminga gjorde dei to brukarane greie for tilhøva og sa at dei før i tida hadde krøtera i ein stor dal, der dei beitte sumarstid, men no ligg der «een stor og forferdelig Snebræde, som aarligen udbryder med Vand, Steen og Grus, og det med saadan force og Magt, at det nu har udsprengt og undergravet Jorden mange hundre alen dybt». Dei opplyste elles at dei før det

siste avtaket i 1702 fødde kvar på sin part 19 à 20 nauts-beist og kunne så $4\frac{1}{2}$ tunne korn.

I dette året, 1728, hadde breden sige så nær ned åt tunet at dei måtte flytta husa, er så dei ikkje skulle verta krasa av isen. Om dette seier retten: «og foruden alt dette, var endnu det allerbedrøveligste at see, at disse fattige og Nödlidende Mennisker, af frøgt for overhengende fare og uløcke ved ermelte grumme Sneebräde, har nu i dette aar — 1728: maat fløtted deris husse og værelsser paa et andet ringe sted, som de meener ved Guds ophold og beskermelsse at vere tryggere».

Den gamle skylda var to laupar og eitt pund. Med det som før var avteke og det dei no venta godkjenning på, var skylda komen ned i ein laup.

I dei åra som no kom, vart det kvart år nye skadar. Breden var no komen lengre og lengre ned over åker og eng, til det gamle tunet. Sers i 1733 vart det gjort stor skade. Dei to brukarane sende så ny søknad til stiftsbefalingsmannen om nytt avtak. Ved resolusjon av 17. juni 1734 var det gjeve påbod om avtaksforretning. Den 2. november 1734 var så sorenskrivaren med seks lagrettemenn på Tungøyen og gjorde avtaksteneste. No var futen øg til stades: «Kongelig Majts: foged Sr: Nagell forestillede og paastoed, at ved denne forehavende Forretning, maatte nøye og grandgiveligen observeres, at affeldningen paa gaardens skyld maatte blive rett og retferdig, og det mindste mueligt, saa at Deris Kongelig Mayestet, udj de aarlige Skatter og Rettigheder, samt ombudsmanden udj sine Jorddrottelige Rettigheder icke skulle lide for megen afgang og skade.»

Om breden seier retten: «Dernest af een forferdelig stor Sneebräde, som aldrig i denne verden bortgaard, men er liggende beent op i een Nordost og strax lige ved den sted hvor deris fattige smaa husse till forne stoed, og hvor omkring ald deris beste ager og Enge till forne har ligget, hvilken Sneebräde nu tid effter anden har skiødt sig saa

langt frem, at det er at befrøgte, at den inden faa aar kommer lige ned til stor-Elven, og om saa skulle skee:/ det Gud dog Naadelig ville afvende:/ da seer det icke andet ud, end till een total ruin og ødeleggelse for dette gandske bøygdelaug.»

Skylda vart no nedsett til eit halvt pund (12 merker) smør for leige for heile garden.

Ara kring 1740 var kaldvorne med mykje snø og stutte, kalde sumrar. Det var ein tidfolk som høyrde til dei verste det har gjenge fretnad om. Storbreden voks jamt og samst, blåbreden innover Brenndalen var fylt av brede-is, som no stod i direkte samband med dei veldige viddene innover hovudmassivet. Det måtte enda med katastrofe. Den 1. desember 1743 vart den nye tunstaden på Tungøyane med hus og jord lagt i grus av vatn, brede-is, stein og grus, som sopa ned over garden. Berre to menneske vart berga. Av materielle ting var det lite og inkje att. Av den gamle, gode garden, som for hundre år sidan fødde 40 naut, 3 hestar og smale, var ingen ting att, og garden gjekk ut or matrikkelen.

Endå ein gong måtte retten ha føre seg det som hadde hendt i Tungøyane. På grunnlag av Christian IV's freistnad 1628 på å innføra ei ny norsk herording vart gardane klassifiserte og skifte i legder. Kvar legd skulle halda ein soldat. No høvde det seg så at soldaten i den legda Tungøyane høyrde til, var der på garden då ulukka hende. Soldaten sjølv vart berga, men geværet hans og handverja strauk med. Så måtte ein ha tingsvitne om tilburden, og på haust-, skatte- og sakfallstinget for Olden skipreide 6. november 1744 er m. a. innført i tingboka: «... og som da Soldaten Anders Pederssen Mochleøen tiente der paa gaarden og samme tid havde sit gevehv og Kaarde hos sig til at renovere og ingen Mennisker der paa gaarden blev reddet uden allene bemeldte Søldat og een anden liden Dreng, men alle de andre folk tillige med alt det som fandtes i Huusene, hvoriblandt bemelte Kongens

gefver og Korde var bleven af Steen og gruus aldeeles fordervet og overdaegt, saa at ikke meere deraf kand findes igien, i nogen maade, hvorpaas Laugrettet og meenige tilstædeværende almue eenstemmig svarede og forklarde saaledes, at alt hvad Comparenten Sergiant Bruland har proponeret og fremført om denne Materie, befindes, Gud bedre, des værre alt formeget Riktig og Sandferdig, saa at Gaarden Tungøen med Huus og Gaard og alt hvad der udi befantes blev paa ovenskrevne dag og tiid aldeles ruineret og ødelagt, saa at ikke det aller mindste deraf kand findes igien...

Av dokur kan ein sjå tydeleg for seg gangen i den naturprøsessen som førde fram til katastrofen for Tungøyane. I 1680—90-åra var den regenererte bредen komen så langt fram gjennom Brenndalen at det vart skade på beite og skade på heimejorda av brede-elva. Kring 1700 var så bредen komen fram mot dalmunnen. Men førebils var det skadeflaumen som øydede åker og eng. Mellom 1700 og 1728 har blåbредen passert dalmunnen, skride over knekken i terrenget, der det hallar bratt ned mot garden, og frå no av er det ikkje berre flaumen, men sjølve bредen som trugar hus og gard når isen vert vriden sund i den jamne rørsbla. I 1728 vart husa flytte opp og til sides for bредen. Mellom 1734 og 1743 har blåbредen i dalen fått direkte samband med hovudmassivet og skreid no ned over tunet og husa. Etter alt å døma var det no ein samanhengande bredekropp og eit ubrote rørslesamband frå høgste punktet på storbредen, bak Brenndalen, 2000 meter o. h. og ned til sjølve gardstunet, som låg 100 meter o. h.

Åbrekke.

Åbrekke er ein gammal gard. Han er ikkje nemnd i Björgynjar Kalfskinn, slik som Tungøyane, avdi det ikkje er same slags gods som er opprekna der. Åbrekke er der-

imot nemnd i eit dokument om eit møte «i kirkiune i Alda dagan nesta firir festum Fabiani et Sebastianj» (19. januar) 1340 og er då kalla *a Brekkju* (Dipl. Norv. bd. IX, s. 136). Lendet der Åbrekke og Tungøyane låg, vart heilt omskapt under den store bredekatastrofen. På bæ stader måtte dei flytta husa unna blåbreden, men på Åbrekke berga dei både hus og folk.

Åbrekke og Tungøyane låg jamsides fram gjennom Brenndalen og inn mot fjellet, og frå gamalt hadde elva Brenna skilt mellom dei. Dei låg difor under same fare då bредen kom. Fyrst vart beitet øydeleit i Brenndalen. Etter kvart som bredetyngda skreid fram i dalen, vart terrenget opprota og opp-pløgt av bredetunga. Det var vass-samlingar, som laga steinsvor og skadeflaum når dei braut seg ut, og dette grov etter kvart ut heimejorda med åker og eng.

Før 1700 var skaden for det meste i Brenndalen og på noko av heimejorda. Men etter 1700 tok bредen til å koma fram på høgda ovanfor tunet. For å berga husa frå å verta krasa av isen, flytte dei husa før 1725, nokre år før dei gjorde det same i Tungøyane. Både på Åbrekke og i Tungøyane hadde dei vona at det nye matrikkelverket frå 1723 skulle letta dei i skyld og skatt, i samhøve med dei skadar dei hadde lide. Men matrikkelverket gjekk over styr, og så sende bøndene på Åbrekke den 13. august 1725 denne søknaden om avtak:

«Høyædle og Velbaarne Hr Stiftsbefalingsmand
og Justitz Raad Hr Andreas Undall.

Høybiudende Naadige Herre!

Det var høyligen, for mange fattig og betrengt bonde-mand, at beklage at den seeniste Matriculering, som effter Hans Kønig: Mayts allernaadigste befaling skeede over alt her udi Nordfiord udi det aar 1723, ikke blev ved magt bestaaende, thi dersom saa havde skeed, havde vi fattige underteignede folk ogsaa gierne for voris deel været

førnøyet, og allerunderdanigst betakked Deris Kongl: Mayt for den Naade os derudjnden blev bevist; Men som nu af det seniste Allernaadigste udgangne, og for os allerunderdanigste publicerede Skattebrev fornemmes, at det alt sammen skal være ophævet og ved den gamle Matricul forblive; Alt saa udi anledning af samme allerhøyst bemelte udgangne Skatteforordning, ere vi nu høyligen foraarsagede, for Deres Høyædelbaarenhed Supplicando at andrage, den store og ubodelige skade, som vores fattige og ringe paaboende gaard Aabreche her udi Oldens Skibbred i Nørdfiord af overflødig vandløb og Elvebrud nu paa nogle aars tid er paafalden, saa vi ey alleene har mist den beste og største del af gaardens tilliggende agre og Enge, mens og saavel deraf, som og af frøgt for een stor indfaldende Snebræde af fieldet har med største Ruin, skade og forliis maatt fløtte alle vores ringe Huusværelser og fattige smaa Hytter fra de gamle Tomptor, og hen paa andre pladser/: enddog gud ved hvor lenge de ogsaa der kand blive bestaaende/: saa vi hverken rettelig kand beskrive eller nogen mueligens tro eller tenche, hvilken stor Nød og Elendighed vi ere geraaden udi, først det alt ved Rettens Middel kommer under een Lovlig Siun og besigtelse, endskjønt vi dog mange gange har opbodet godset/: som disver er voris egit og ingen anden vill have med at bestille/: til Tinge, at Fogden ville antage det for de resterende Skatters betaling og føre Kongen det til Eyendom, men alt saadant er bleven os negted, og vi i stæden, saaledes baade truet og søgt med Execution at vi nu paa nogle aars tid, har ikke vist andre udflugter, end næret os med betleri, baade til føde for os og vores fattige qvinder og børn, samt Rettighedernes afbetaling/: som dog aldrig, mens vi Lever till fulde bliver Clareret,/: for voris Ruinerede, udbrøtte og fordervede Jorder, Endelig vil vi og forestille Deris Høyædelbaarenhed dette, at samme vores paaboende og nu Eyende gaard Aabreche skyldede effter den gamle Matricul — 2 Løber 1 pund 6

mrkr. Smørs Leye, men formedelst ovenmelte omstændigheder, skeede saa stort aftag derpaa, baade ved den affelding, som effter Kongl. allernaadste bevilling passerede i Annis — 1702, saa og nu ved seeniste Matriculering, at det beholdne blev kun anseet till verde og godhed for $\frac{1}{2}$ Løbs Leye; og som vi endnu siden den tid baade af Elven og Snekonden har lid meere og meere skade, saa der er nu kun gandske lidet af det alt sammen i behold, indflyer da udi allerdybeste ydmyghed till deris Høyædelbaarenhed, at ald denne vores store Nød og anliggende, maatte saaledes udi Naade vorde anseet, at Kongl. Mayts Foged og Sorenskriver med uvillige Lavrettesmend allergunstigst kunde vorde befahlet, at komme her till aasteden og tage aldting under een Lovlig Siun og grandskning, og derhos samme vores erlitte skade saaledes ordentlig beskrive, af sine omstændigheder og verdi, imod det som nu af Jorden kand findes i behold, at vi dereffter kand leve udi det allerunderdanigste Haab, at blive med et billigt og allernaadigst aftag, udi de aarlige Skatter og Contributioner, benaadet; Saadan stor hielp og Miskundhed imod os fattige og høybetregnte folk vill den allerhøyeste Gud visselig velsigne og belønne; hvorimod vi og stedse forblive. — Høyædle og Velbaerne Hr Stifftbefalingsmand og Justitz Raads underdanigste og allerydmygeste ringe tienere

Peder Eriksen. Jonas Knudsen, aabrekke.

Johannes Olsen aabrekke».

«Een Lovskikket affeldings forretning» vart halden på Abrekke 17/10 1725. Der vart referert mange dokument. Retten skriv m. a.: «Dernæst af en forfærdelig stor Sneebrede, som aldrig i denne verden bortgaar, men er ligende beent op i een Nordost og lige over den stæd hvor deris fattige smaa Huuse tilforne stoed, og hvor omkring ald deris agre og øfrige Enge tilforne har ligget, hvilken Sneebrede nu tiid effter anden har skiødt sig saa langt

frem, at der offte har nedfaldet mangfoldige store Js-klumper sammenblandet med grus og grove steene, saa de derover nu i mange aar har levet i stor frygt og fare for at blive ihielslaget baade med folk og fæ....».

Skatteskylda vart nedsatt til 1 pund smørs-leige.

Nigardsbreden i Jostedal.

I Jostedalen, det milelange dalføret oppover frå Gaupne i Indre Søgn, går mange armar av storbreden ned. Dei armane som går ned øvst oppe i dalen, er lite kjende, ligg langt ovanfor dei faste bustadene og har ikkje gjort nokon sers skade. Dei blåbredane som kjem ned i dei vestre sidedalane Tunsbergdalen, Krundalen og Mjelverdalen, høyrer til dei største i området og elles i heile landet. Dei har, direkte og indirekte, valda mykje sorg og tap i dei grendene som låg inn til breden. Under den store bredeframstøyten vart gode gardar lagt i øyde, og folket der måtte ta til tiggastaven.

Den blåbreden som kjem ned gjennom Mjelverdalen, har namnet Nigardsbreden etter bruks-namnet Nigard. Breden gjekk ut frå eit høgt og mektig midtfelt på storbreden og flaut brei og svær frametter dalen. Dalen var så lang at det varde like til 1730-åra før blåbreden nådde fram til bustadhusa på nærmaste gardane. I 1735 var breden komen så langt ned i grenda at isveggen berre låg eit steinkast frå nærmaste husa.

På haust-, skatte- og saketinget for Luster og Jostedal skipreide den 16. november 1735 vart opptekte tingsvitne om tilhøvet, og dette lyder:

«d: 16 novemb: Continueret.

Guttorm Iohanss: Mielvær af Iøstedals Skibbrede fremstillede sig for Retten, med hvis Consence hand begjærede Meenige Almue ville give deris sandfærdige forklaring om hans paaboende gaard Mielvær i Iøstedalen, dens beskaffenhet og usigelige skade, som den

bekiente Iøstedals Sne- eller Jisbreede, hans paaboende gaard Mielvær Aarlig tilføyer; Her til Almuen svarede: At kunde i ald guds sandhed forklare og bevidne, at den bekiente Iøstedals Jiis-breede, som strecher sig 7 Praestegield, er et Iis-field, der har tilvoxet saa meget Aar effter andet at den har borttaget ej alleene den største del af gaardens Enge-Mark, men end og af den Kulde Jisbreen giver af sig, foraarsager at intet Korn der paa kand voxe eller komme til sin modenhet, hvorudover den paaboende fattige Mand guttorm Jøhansen og formænd for ham. Aarlig har maat gaae om at betle brød baade til Aarl: føde, saavelsom til Aarlig Sæde-Korn, Ja ej vaaret god for noget Aar Rettighed til Ejeran at betale, som for mange Aar resterer og der til ej haver det ringeste at betale, Saa at Ejeran hr. Christopher Munthe ej haver af denne gaard andet end lettelse for skatten, som denne fattige Mand mest med betlen stræber at betale, de forklarede og, at saafremt fornefnte Iisbrede vil blive ved at tilvoxe, saasom den nu har gjort i nogle Aar, og nu paa et steen Kast, nær gaardens huuse har nærmet sig, bliver gaarden inden faae Aar gandske borttaget, saa at den ej Evindelig kand blive beboet, hvilchet sig saaledis i sandhed at forholde nærværende Jøstedals Almue, særdelis Siur Nedre Lie Christopher Bachen og Henrich Kieppe med fleere sagde sig med Eed og god samvittighed at kunne bekræfftte, hvilchet Comparenten til et tingsvidnes erholdelse under Rettens forseigling beskreven forlangede».

I åra utover frå 1739 var det svær nedbør og kulde. Storbreden vokser og Nigardsbreden flaut vidare frametter dalen, krasa alt som kom i vegen, og i 1742 var største bruket i Mjelverdalen, Nigard, lagt i øyde. Av eit mindre bruk var det lite grand att. Katastrofen hadde utvikla seg såpass seint at det ikkje strauk med noko av folket.

Utanom denne direkte skaden av brede-isen, vart det

også valda stor skade på gardane Mjelver, Elvekrok, Berseter m. fl. sumaren 1741. Det vart halde synsforretning den 20.—23. august 1742.

Matias Foss var prest i Jostedal i over 50 år, til han døydde i 1793. Under titelen «Pastor Justedalensis, M. Foss» samla han ymse tilfang om Jostedal og skreiv det ned. Denne hans «Justedalens kortelige Beskrivelse» vart til kring 1750, og han hadde då opplevt dei fælslege hendingane på Nigard og Bjørkehaug, der gardane vart øydelagde av breden. Hans skildring av denne hendinga er difor jamgod med eit dokumentarisk prov.

Pastor Foss fortel at «i aaret 1742 in Medio Augusti var K. M. Foged med Sorenskriveren der paa Stedet til Aftagsforretning paa de jorder, som ere Iisbræen nær hosliggende og af den beskadigede. Da blev der maalet fra Bræen til første Huus, som stod nærmest derved, og befandtes da en Distance af hundre Alne derimellem; men fra bemeldte Tid til Aarsdagen derefter 1743 havde Iisbræen ei allene skudt sig frem de 100 Alne i Længden, foruden umaadelig i Breden, men endog borttaget Husene, omkastet dem, væltet dem for sig med en umaadelig Mængde af Jord, Gruus og store Stene fra Afgrunden og knuset dem i ganske smaa Stykker, som endnu er tilsyne, og Besidderen maatte med hast forlade Gaard og Grund med Sine og Eiendele og søger sig Huus, hvor han kunde. Foruden at denne Gaard, som kaldtes Nigard, er med Ager og Eng i Grund ødelagt, har Iisbræen nærmet sig i de paa følgende Aaringer til en anden Jord, kaldet Bjerkehougen, borttaget dens Ager og Eng, saa de bare Huse staae tilbage, og altsaa er ubeboelig: i hvilken Henseende jeg ei har villet eller kunnet anføre disse Jorder, som total ødelagte, iblandt Milvirsdalens Gaarde» (Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn, nr. 13, s. 208f.).

I 1748 byrja Nigardsbreden å gå tilbake. Under tilbakegangen er einskilde framstøytar markert i bredelega og fortel om dei mektige kreftene som her har vore i verksemد.

Tverbreden ved garden Berseter i Krundai.

Der Krundai skjer seg inn i Jostedalsbreden, flyt eit trekløver med blåbredar ned mot dalbotnen. I sør Vetledalsbreden (på kartet: Grønneskredbræen), i vest Storebreden (på kartet: Bergsæterbræen) og i nord Tverbreden.

Så tidleg som i 1684 vert det i eit dokument opplyst at ein mann på garden Grov i Krundai «Af Sne bредen hafuer mest sit Sætter», og om garden Berseter at «dessligeste hafuer Snebreden vdtaget deres Sætterstøl paa bærsætter». Det var då spørsmål om å bøta på tapet ved å la desse to gardane få sumarsbeite andre stader i Jostedalen.

Det var Tverbreden som serleg gjorde skade på Berseter. Ved synsforretning 21. august 1742 ved sorenskri-varen i Indre Sogn og med futen til stades vart protokolert såleis:

«..... Her nest mand begav sig ud Skaden at efftersee og befandt at fra gaardens huuse 440 a: jmellem 2^{de} field i et fieldskaar, Tuffte-skaar kaldet, har af den vidtbe-grebne Iøstedals breede eller Jisfield sig nedtrengt det heele Jisfield førende for sig een u-trolig og u-beskrivelig mengde af store steene, deels som bierge store, hvilken Jisbreede kommer fra Norden og viiser mod synden til et field, høye Nipen kaldet paa hiinside Elven.

Denne forbemte Jisbreede forklarede de Dannemænd Ole Grov 64 Aar gl: og Ole Bierch mod 70 Aar i deris ungdoms minde ikkun at have været paa dette stæd i tuffte skaaren øverst i den smaleste strube i tuffte skaaren øverst i fieldet, men trengt sig nu ned igjennem skaaren ned paa den slette Mark mod Elven, og paa en 10 Aars tid alleene til 100fafner effter Rasmus Cronens forklaring sig nedttrengt.

Denne forbemte Jisbreede paa dette stæd er i sin bredde neden paa sletten, hvor hun fører frem for sig alt hvad

forrekommer:/ fra gaarden og frem effter — 840a:; i hvilken destance ungefehr i mitten, anteignes her til observation, at een steen, som et bierg liggende ved tver-Elven eller een grov som kommer neden af fieldet under Jisbreen og hiem effter til een anden stor steen er i tremmen eller bredden af Jisbreen beliggende, jmellem hvilche 2de steene er 97 a:, i hvilchen destance ned til stor Elven, som kommer vest fra fieldet, blef maalet fra een nu oplagt steen vahr lidet fra Elven og op til Jisbreens for sig førende steen, bierge, Jord og sand 30 a:, hvilcket alt her saaledis er anført . . . for at mærke hvor meget denne Jisbreede i tilkommende aar eller der effter sig kunde nærme.

J vest tvers over Dahlen er af Jisbreen baade field og Mark øverst fra ned til Elven bedekket og kaldes store breen.

Fra Synden fremmen for fieldet høye Nipen kaldet har sig og nedtrengt mellem fieldene i Dahlen den Jisbreede, vettle dals breen kaldet, wed hvilche Jisbreer:/ der haver sin fæst i den store over alle field liggende Jisbreede eller Jisfield, som forklaret blev at være af 1½ Miils bredde og ellers til 5 Præstegield her i Sogns Fogderie sig strekkende, saasom Jøstedals, Lysters Hafsløe, Sogndals og Legangers Præstegielder, herforuden paa Nordre side strekkende sig til een deel Præstegielder i Sund- og Nordfiords Fogderier:/ Gaarden Bersets deels Slotte-Mark og ellers Fæbeiter, saas: Fæhaugen og Støelsbeiter er nesten gandske borte og for Menneskelig øyne ej formodes nogen tid meere at kunde blive bar eller komme til nytte.

Saaledis er nu denne gaard aldelis betagen sin Fæmark og støelsbeiter.

Hernæst blef gaardens ager og Eng effterseet Først hvad ageren angaar, da stoed den endnu gandske grøn deels u-knopt og nyelig hafde knøpt sig, Saa at liden og deels ingen mad derudj var, som den strenge Kulde, hvil-

ken Jisfieldet ved dets nærmelse ned i dalen mere nu end tilforn fører med sig, aarsager . . .

. . . Opsidderen Anders Berset Forrestillede her nest, at udj disse misvext Aaringer havde hand ikke faaet sæde Korn, men den ringe aufl hand haver nødt, hafde vaaret ligesom lette Korn eller avner, som deels med halm og deels med furre-bark har vaaret formalet til Mæl og sammenblandet til livet at opholde, og at han kunde ej føde meere end 5 Nøed».

Det skulle gå eit par mannsaldrar før det mona noko med tilbakegangen av bredane. Då studentane Keilhau og Boeck i 1820 hadde fare gjennom Jotunheimen, vitja dei «Justedalens isbræer» og var så langt nord som til Lodalskåpa. Denne ferda markerer overgangen til ei ny vurdering av dette veldige naturfenomenet. Det som før skapte gråt og gru, vart no ein sensasjon og attraksjon, som det gjekk gjetord om, fyrst i vårt land og sidan rundt den vide verda.

Tunsbergsdalsbreden og Leirdalselva.

Frå det breie midtpartiet av storbreden, i sørhallet på høgste bredekulen, skjer det seg ut ein 14 kilometer lang brede, Tunsbergsdalsbreden. Den er 15—1600 meter brei på jamnen og breiast lengst nede, full av sprekker. Om lag 4 kilometer opp frå bredeporten har det laga seg eit basseng under isen som har fått det karakteristiske namnet «Brimkjelen». Til ulike tider og under ulike tilhøve har Brimkjelen gjort uhorveleg skade, når vatnet bryt ut og skaper skadeflaum nedover Leirdalen og vidare til sjøs. Ei ulukke av dette slaget var det som hende den 14. august 1926. Flaumen sopar med seg bruer, vegar, skog og jord. Flatevidda på Brimkjelen har vore rusa til 800 mål, og høgda til kanten eit halvt hundre meter. Faren før nye utbrot vil verta redusert etter kvart som breden tøyar vekk.

Faren for skadeflaum var vel størst i fyrste halvpar-

ten av 1700-talet. I ei avtaksforretning på garden Rønneid i Luster den 14. oktober 1748 er tilført rettsprotokollen: «. . . paa den østre siide af Rønne Rinder een stoer bred Elv Jøstedals Elven Kaldet der har sit udspring af den udi Jøstedahls Præstegield beliggende stoere Sne bræde hvilken Elv har tiid effter anden saaledes gravet sig ned under gaarden Rønnes agre og Enge at deraf een stoer Deel er in toto Ruineret saa at hvor gaardens Baad Nøster, een Husmands Pladses Huuser, tilforn stoede og gaardens bæste agre og hiemEnge laae, der Rinder nu same brede Elv der har taget et andet løb end den før havde, ja Elven har iligemaade udtaget een Hæste Hage som har indtil udtagelsen skedde tilhørt Rønnei».

Fonn i Jølster.

Fonnsdalen skjer seg inn i Jostedalsbreden, og garden Fonn som ligg inn til brede-elvane, hadde fyrst i 1700-åra mykje skade av elveflaum. Storbreden voks over alle fjell, og når det vart storregn og bredetøyrr, fløynde brede-elvane opp og la i øyde åker og eng. Endå til husa heldt på å verta rivne ned, og dei måtte ha øyk og rida når dei skulle ut om stovetroppa.

Den 22. september 1719 vart det halde avtaksforretning på Fonn, «udj Jølster Skibrede Effter Lejlenderne paa Fond deriss udwieesede til ladelse og Resolution fra Her Skabbet, Stiftamt skrifueren Over Bergen Stift, Stafanger ambt og Nordlan-derne Velædle Sewerin Sehussen, Dat: Bergen d: 30 Aug- 1719 paa Deriss ydmyge Memorial, af forregaaende 21 Julj, at grandske og forfare Samt Skiønne paa Nogen Skade . . . at være denne gaard Fond overgaaen Merchelig Stoer Skade paa Hiemme jorden af Ager og Eng, Saalediss at Wandet paa den Eene Side Haver udbrøt af en Elf, Som ned flyder fra og under en forferdelig Brede af Sne og Jiss og ofver Skjøllet iche alleene forgangne aar dend allerbeste Ager og Eng Som paa

dend slettemark war Beliggende af Hieme bøe og udsletter, medens Jorden Stoed i sin grøde, Som Bort toeg Deriss Meste Næring af gress og Korn Wexst, Men og nu i aar ligelediss giort ded samme, Som vi øjen-Sjunlig paa denne tiid Besaaeg og Befandt, at dend ager og Eng, Som undgich uløchen forgangen aar, er ynchelig undergaaen af Elfvenss over løb, forind Kornet Blef Skaaren Eller græsset afslaaen» . . .

Om den av brukarane som hadde største skaden, vart det vidare sagt: «Efftersom Skaden for Hannem er Størst foruden ded Haver Wi Befunden, at Hand Boer paa Sletten i den Van Skelighed, at Hand i denne Modgang Har Mist Sit ringe indsambled Goede af Korn og Høe, for uden det Seess iche Mueligt, at Hand Kand fareløs Have Sinne Huuse paa Denne tofft de nu Staar Saasom Hand har mot Rie til sit Huuss i aar for Wandetz ofverflødigdom Som Wendtiss disver Herefft Wil WedHolde . . .»

Avtaket vart sett til 24 merker, og av dette var 14 merker for det bruket som hadde fått husa sine krigfløyte.

Ymse skadar.

I Åmotdalen i Jølster gjekk blåbreden i 1740-åra så langt fram etter dalen at breden krasa to sætrehus og flytte det tredje. Dette er opplyst i 1903 av ein gammal mann på garden.

På garden Yri i Olden gjekk blåbreden fram på høgda ovenfor husa, brast ut med is, stein og grus og la i øyde åker og eng. Det låg isklumper i åkeren sumarsdagen. Avtak i skylda vart gjort i 1693 og 1702.

Garden Sunde (Store-Sunde) var mellom dei fyrste som fekk skade av storbreden. I eit dalføre ned mot garden flaut ei bredetunge med kort veg ut frå hovudmassivet. Blåbreden pløgde fram etter dalen, og i 1687

løyste det med skadeflaum og steinsvor, som la under seg ein stor part av heimebøen og la den i øyde for alltid.

Frå hovudmassivet går det ein bredearm, Ramnefjellsbreden, nordover mellom Loen og Olden. Øvste kulen på denne breden er noko med det høgaste som finst i dei ytre Vestlands-bygdene, kring 2000 meter. Etter kvart som bredane vokser fram i slutten av 1600-åra og først på 1700-talet, vart dei årsak til storflaum og steinsvor, anten når det var storregn eller bredetøyr, — kanskje begge delar.

Det vart gjort skade på utmarka til Håheim, og Sandnes fekk øydelagt både innmark og utmark. Brynestad fekk storskade på innmarka si, med di det kom storsvor frå Brynestaddalen som grytte ned åker og eng og gjekk like på Storelva. Denne førde grusen til sjøs, der det vart gjort skade på fisket avdi elvelaupet vart skipa.

Breden mellom Jølster, Breim og Olden er no avskoren ved Oldeskaret. I 1700-åra hekk denne og Jostedalsbreden i hop. Utanom Yribreden, som er nemnd før, gjekk Flåtenbreden ut frå dette massivet. Den gjorde mykje skade kring 1700, og så seint som etter 1900 har breden rasa ut og gjenge like på vatnet, — frå 1500 meter ned til 37 meter o. h.


HANDEL OG FERDSLE OVER BREDEN

I Jostedal kyrkje, bygd år 1660, ligg ein plankestubb der det er innskore: «... 300 aar ligget øde tilforn».

— Nedunder står årstalet 1640. Det er ei levande segn både i Jostedal og i Nordfjord-bygdene at alle folk i Jostedal strauk med i Svartedaunden, så nær som ei ung gjente. Eit bil etter at farangen var slutt, kom nokre nordfjordingar over fjellet til Jostedal og fann gjenta. Ho var redd og vill, men dei fekk tak i henne og førde henne med seg til Nordfjord, der ho seinare vart gift. Det var hennar ætt som drog over til Jostedal og rudde



Inste luten av Oldevatnet med Oldedalen. Til høgre (x) garden Yri. Innteikna bredetunga som kring år 1700 øydelagde åkrane. Midt på biletet (xx) utlaupet av Brenndalen. Fot. F. Lütcherath.




Briksdalsbreden i Olden kring 1930. Fot. Normanns Kunstforlag.

dalen på nytt. Sidan ho var så spretten og vanskeleg å få tak på, kalla dei henne for Rjupa, og namnet Rjupe-slektar har fylgt ætta hennar heilt opp til vår tid.

Dette er segna. Det forvitnelege ved dei skrøpelege tilhøva den gongen var at storbreden skapte ein farveg mellom bygdene, ein farveg som vart nytt i lange tider, både av folk og naut og stundom av hestedrifter med.

At nordfjordingar sökte over til Jostedal og busette seg der, er ein prova realitet. Dei som drog over, var vel helst frå skoggardar, som kunne vera tungvinte før vassagene kom i bruk. Rettsbøkene syner at det var folk i Jostedal som på 1600-talet skøyte odelen til gode gardar i Indre Nordfjord over på slektingar, og sjølve vart sitjande i Jostedal. Jostedølene talar nordfjordmål, og det skulle også vera eit godt prov. Det var elles ei livleg ferdsle over breden frå 1600-åra og utover. Når det var vanskar med kyrkjesøknaden, var det lettare for folk som budde øvst i Jostedal å koma over breden til Oppstryn enn å fara vegen over fjellet til Dale i Luster.

I «Justedalens kortelige Beskrivelse» frå 1740-åra opplyser Matias Foss at jostedølene om vinteren pla laga ymse ting av tre, «Truge, Ambre, Skaaler, Øser, Træskeer m. m.», som dei førde over breden til Olden. Desse trevarene bytte dei vekk i korn, og stundom kjøpte dei vel øg. Frå midten av 1600-talet og utover var det mykje kornførsle over breden. Dei gjekk jamnast opp Krunndalen og så rett over breden i sørhallet til høgste bredkulen (noko under 2000 meter o. h.). Så tok dei ned til Sunde eller Kvamme. På Inigarsbruket, Store-Sunde, har til det siste vore ein bryggjeså, lagga i Jostedal, teken i ser att, førd over breden og gjeven i byte for korn. I Olden fanst før i tida ei mengd små lagga smørkanner av ein type som elles ikkje har vore vanleg der, og det er tenkjande at også desse høyrde med mellom dei trevarene jostedølene førde over. Det var gammal skikk i Nordfjord når ein bytte til seg mindre kjerald mot korn, at dei



Slede til kornførsle over breden, funnen av forf. i 1904. Teikna etter minnet i 1952.

gav kjeraldet fullt med topp: ein gong når det var bygg og to gonger når det var havre.

Når så jostedølene skulle attende, drog dei opp i skogavkset (tregrensa) og la seg føre om kvelden. Og når sola spratt i tindane, gjekk dei bortover breden, rett på sola. Når dei gjorde det på denne måten, så hadde dei sine gode grunnar for det: breden var lett å gå på når det var frose i nattekulden. Dei måtte nytta «ovrangen», den harde skaren, før sola mykte snøen. Og så hadde dei ikkje kompas. Men i solrenninga og utover morgonen låg sola i den leia dei skulle. Om det så vart skodde, kunne dei timja solbleket. Elles var det lite dei kunne nytta til méd. Heile terrenget var den gongen mykje meir bredelagt enn både før og seinare.

Over breden drog dei varene på slede. Den var av eineved og låg alltid der oppe. Det vart funne ein slik slede på eit «skjer» inne på breden i 1904. Eine flauta vart teken heim og send til Nordfjord Folkemuseum. Dei som hadde lagt sleden att, hadde truleg møtt snøver og ikkje orka dra ga lasset.

Denne ferdsela gjekk ut då det vart lettare å få tak i korn, då vegane vart vølte frå Jostedal til Rønneid og Marifjøra, og jostedølene slapp den tunge vegen over fjellet til Dale i Luster.

Oftast gjekk det godt på ferdene over storbreeden. Ha-

rald Rustøen, som døydde i 1898, 100 år gammal, fortalte at han berre hadde hørt om ei einaste uheppe under ferdsle mellom Jostedal og Olden. Det var eit lam som kom vekk i ei rivne ein gong jostedølene før med kjøpe-smale heim frå Olden.

Det er fortalt om ein mann frå Jostedal som gifte seg til Oldedalen. Han gjorde all si eign om i smale, sette bjølle på kvart dyr og dreiv dei over breden. Det gjekk fråsegner i lange tider om bjøllemusikken då han kom drivande med heimafylgjet sitt nedetter liene.

Men stundom hende det nok ulukker, og ofte var det sikkert slitsamt å ta seg velberga fram. Presten Matias Foss fortel frå det harde året 1742 «at en fattig Mand omkom paa den (dvs. breden), som havde Hiemme her paa Stedet, og vilde til Nordfjord at bede sit Brød, men er ei til Datum funden paa hvad Sted i Bræen han er bleven». Vidare skriv Foss: «I Aaret 1743 mistede en Gaardmand her en Hest, da han kom fra Nordfjord med en Kornkløy, og bekom han vel Kornet igjen, som Folk kom ham til Hielp og med store Reeb hissede det op af Bræen, saasom Gabet paa det Sted til hans Lykke ei var meget dybt, men Hesten var død». (Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn nr. 13, s. 211).

Dei soldatane frå Olden skipreide (Olden og Loen) som levde att etter krigen 1808—14, 12 mann, kom att over Jostedalsbreden langt ut på sumaren 1815. Dei gjekk opp Krundalen og ville gå tvers over breden til Olden. Så trefte dei skodde, kom på avveg og vart matause. Etter dei hadde vildra rundt på breden i dagavis, kom dei endeleg ned til ei sæter (truleg Tungesæter i Veitestrand), der dei fekk mat og rettleiing om kvar dei var. Dei tok så i veg over breden på nytt, og etter åtte dagars strev kom dei ned i Olden. Ein av karane heldt på å sturta og ville leggja seg att på breden. Han bad dei andre freista berge seg, dei som kunne. Men det ville dei ikkje vita av. Dei drog kameraten med seg,

og alle kom vel fram. Fire av dei vart gardbrukarar i Olden. Ein av dei, Ole R. Eide, vart ein eldgamal mann. Han fortalte tidt om alle dei vanskane dei hadde då dei låg borte ved svenskegrensa. Dei var både matause og kledelause.

Men på bредen ferdast ikkje berre folk og krøter. Like til etter 1900 hadde også bjørnen tilhald på og kring storbreden. Dei gamle fortalte at når bjørnen hadde drepe, anten på Sogne-sida eller Nordfjord-sida, drog han over bредen med ein gong. Dei gamle rekna dette som eit utslag av det gode vitet til bjørnen. Han ville ikkje vera til stades når folk fann daudkrøtera og gjorde jakt på karen. Dei fyrste turistane fann tidt bjørnefar på bредen. Engelskmannen mr. Slingsby fortalte at han i 1874 på Fåberg i Jostedal kjøpte skinnet av ein bjørn som nett då var skoten. Han og venen mr. Dewhurst reiste over bредen og kom ut for snøstorm. Då brukte dei bjørneskinnet til å kvila på, så dei slapp frysja.

Med storbreden har det seg slik at når isen under rørsle går over ujamn grunn eller stuper ned i dalane, kjem det «fall», sprekker, tidt kilometer-lange og breie på midten. Hadde ein lass med eller førde dyr, galdt det å finna ei høveleg farlei inn på «fast fjell», og lagleg nedgang til bygda. Det hadde etter kvart ført ferdsla inn i visse farleier, der nedgangane var markerte med vardar. Desse fann ein att då dei gamle rutene, fra 1870-åra, fekk sin renessanse gjennom turisttrafikken.

Dei viktigaste av desse var:

Jostedal — Olden.

Desse rutene vart serleg nytta til kornførsle. Dei gjekk frå Krundalen til Kvamme eller Sunde. Båe gardane hadde mykje åker, og leia mellom bygda og bредen var lagleg når ein skulle bera ei tung bør opp ein 15—

1600 meter o. h. Det finst ikkje noko slags fråsegner om at jostedølene har frakta salt denne vegen. Derimot kjøpte dei dyr og førde over bредen (rute nr. 5).

Jostedal — Lodalen — Oppstryn.

(Ruter avsette på kartet.)


1. Frå Nesdal gjekk vegen opp forbi Ruteflåten sæter, derifrå inn mot botnen og opp på bредen. I Jostedalen var det ålgjengde farleier ned i Krundalen og ved Nigardsbreden.

2. Frå Kjennalen var det ei farlei opp Tjuvskora og opp på bредen. Nedgangen til Jostedalen var som opplyst framanfor. — Begge desse vegane er greie og var mykje nytta i ferdsla mellom bygdene. I gamle dagar hadde ungdomen det så at dei vitja grannekyrkjer, helst om våren og sumaren. Ungdomen i Lodalen vitja Jostedalskyrja. Dei reiste heimanfrå over midnatt eller tidleg sundagsmorgonen og kom fram til kyrkjetid. I fint ver og på skareføre var bредen ein framifrå farveg mellom bygdene.

Tjuvskora fekk namnet sitt då ein framand fant kom ned skora, lurde seg etter ei gjente frå Lodalen som kom over bредen, og drap henne ved ein stein nede i Kjennalen medan ho sat og flidde seg til ho skulle koma heim til folket sitt. Gjenta hadde tent i Jostedal i 12 år for 1 dalar året, og desse dalarane hadde fanten sett ho fekk utbetalt. Han stal både pengane og eignelutene hennar. Steinen der han drap gjenta, ber namnet Fantesteinen den dag i dag.

3. Frå Bødal var gamle farvegar, både til Jostedal og «oppom», dvs. til Gudbrandsdalen og Røros. Den gongen bредen var stor, jamn og slett, var her «sankarpass», dvs. leveringsplass for nautsbeist, som fehandlarane hadde kjøpt vinters tid og så tok imot kring jonsokleite.

4. Mellom Greidung i Oppstryn og Jostedalen har det



Gamle farleier over bредen.


vore ferdsel frå utgamle tider. Det går segn om at den tid dei ikkje hadde kyrkje i Jostedal, kom det brurefylgje over til Oppstryn-kyrkja. Det kunne kanskje vera av omsyn til slekta òg. Det sikraste provet for at nordfjordingar hadde sett bu i Jostedal, fører nett attende til Oppstryn. Denne vegen vart også nytt til drifteveg for hest og nautsbeist. Men ein måtte nyttja føresumaren, burde helst ikkje trøyta lenge etter jonsokleite, for då vart breden vanskelegare å fara, sprekkene tøya ut. Dei sogningane og jostedølene som kjøpte fe i Nordfjord, reiste ofte denne vegen, og det så seint som i 1890-åra. Det var ei oppleving å høyra Kvam-karane når dei på klingande sognamål fortalte om turane sine over breden.

Så seint som i 1860—70-åra låg det endå att ein stor arm av Jostedalsbreden på den gamle farvegen mellom Sunndalen i Oppstryn og Rauddalen i Skjåk. Her har vore eldgamal ferdsel mellom bygdene i Nordfjord og Gudbrandsdalen. Det var hestedrifter, kyradriter og farande folk av alle slag. Mange nordfjordingar var på Røros på 1700-talet. Dei arbeidde venteleg ved koparverket. Etter breden la seg, gjekk ferdsla over den. Det gjekk oftast godt. Det var store fylgje, og dei hjelptest åt. Ein gong gjekk det likevel gale. I 1838 hadde Jon Vallsnos frå Oppstryn vore «oppom», dvs. til Loms-bygdene med eple. Han hadde øyken med og Reidde epla. Då han kom tilbake og skulle over breden, gjekk han seg ned i eit fall og vart liggjande. Øyken kom seg vel heimatt, men mannen fann dei ikkje att før året etter.

Etter Krim-krigen 1855—56 og etter den tysk-franske krigen i 1870—71 var det storførsle av hest frå Nordfjord og over fjellet her. Dei gamle hestehandlarane hadde mykje å fortelja frå desse ferdene. På høgda her, attmed skipreide-grensa, står ein stor steinvarde. Den heitte frå gamalt Håkon Adalstein, i folkemunne vanleg kalla Store-Rasmus. Her går grensa mellom det gamle Firdafylke og Gudbrandsdalen. Det var like austanfor varden



Bryggja i Olden ein sumardag den tid turistferdsla til Briksdalsbreden var på det høgste. Fot. Normanns Kunstforlag.



Når Jostedølene hadde vore i Olden og bytt til seg korn, gjekk dei opp til 1 og sov om natta. Om morgonen gjekk dei ut på breden ved 2, og ein times gong innover breden, ved 3, låg sleden.

det gjekk ein arm av Jostedalsbreden over dalen (Raudalen). Då sakførar Kristian Bing i 1898 gjekk ut her ifrå på ei ferd langsetter Jostedalsbreden, såg han at breden før hadde vore 50 meter tjukkare. Det er no på tale å gjera den gamle farvegen og driftevegen om til riksveg. Breden er ikkje lenger noko hinder, og gjenom fjellryggen der varden står, vil ein slå tunnel.

Då Keilhau og Boeck tok den vidgjetne reisa si gjennom Jotunheimen, reiste dei opp Luster og Jostedalen og var inn på breden rundt Lodals-kåpa, men dei kom seg ikkje opp på toppen. Ein bergensmann, Bohr, gjorde også ein fåfengd freistnad på å nå denne toppen, høgste punktet på Vestlandet, 2069 meter o.h. Han fekk då likevel namnet sitt knytt til ein brede, «Bohrs brede».

I 1860—70-åra kom kartografane, og i 1880 vart amtskartet prenta. Kartet vart til stor hjelp og vinning for dei som skulle fara i desse traktene, som til den tid for det meste var ukjende.

På den tid arbeidet med kartlegginga gjekk føre seg, vart det gjort eit forvitneleg funn på Melheimsnibba, nær inn til den armen av storbredden som går nord mellom Loen og Olden. Dei kom over ein trestolpe med ein stor jarnring på. Dei gamle trudde at det var der Noas ark hadde stranda, og at det var gongjarnet til roren dei hadde funne. Det er likevel meir truleg at det er etterstødene etter ein gamal vete som var komen før dagen. Ingen veit no kvar veten for Alda skipreide (Olden og Loen) var, men Melheimsfjellet og nibba der er einaste staden som har synskontakt med granneveten på Øvrebergsnakken og samstundes er synberr oppover Oldebygda, like til Oldedalen.

Noko tidlegare hadde den engelske fjellklivaren William Cecil Slingsby byrja gå oppatt dei gamle ferdslevegane over breden. Frå ein av desse turane hermer dei etter han: «I fear that this is a fable». Men det var ingen fabel. I bra ver og på godt føre var turen over

breden både lett og snøgg. Siste gongen mr. Slingsby gjekk over, var i 1900. Han drog då snarvegen opp Tjuveskora frå Kjenndalen i Loen. Mr. Slingsby var ein fjellturist av stort format. Men det største ved mannen var at han såg og levde seg inn i dei vene utsyn og den storlagde natur som han fann på — og rundt Jostedalsbreden.

I fotefaret åt dei fyrste turistane kom det gjennom 1880—90-åra ein aukande straum av framande folk. Alle ville dei sjå dei glitrande blåbredane, som endå gjekk langt ned i dalane. Det var Bøyum-, Suphelle-, Briksdals- og Kjenndalsbreden som mest vart vitja. Den store tilstrøyminga av turistar varde ved heilt fram til 1940. I Olden kulminerte det i åra 1926—27, då det på einskilde dagar kunne vera opp til 1300 menneske som drog opp Oldedalen for å sjå Briksdalsbreden. Og det underlege hende at t.d. Kjenndalsbreden, som i slutten av 1600-åra hadde øydelagt storparten av vollane i Kjenndalen, no vart ei rein gullgruve, som skapte liv og førretning og drog til seg folk frå alle land jorda over.

JOSTEDALSREDEN GJENNOM 300 ÅR

Frå den tid dei såg breden som ei kvit kyr i himmelsjå og til den siste store ulukka i Tungøyane, må ein rekna at det har gjenge om lag 130 år. Alt talar for at voksten på storbredden har vore liten til å byrja med, og kan skje avbroten av varmare bolkar. Men gjennom siste fjerdeparten av 1600-talet og fram til 1740-åra var det ein veldig vokster, utan sidestykke i historisk tid.

Jamsides med bredevoksteren fylgte mange og harde uår. Og så auka det på med udyr, serleg gråbein og bjørn. Folk hadde lite våpen til å øyda udyra i den tida. Mot gråbeinen freista dei verja seg med gråbeinstengsler, opphengde tau og snøre, som gråbeinen skydde, ein skipnad som var i bruk eit par hundre år, fram til 1850-åra.

Så seint som ikring 1900 levde det folk som hadde teke smalekrøter ut or kjeften på gråbeinen når dei gjætte, og som hadde vore med og spunne tau og snøre til dei lange gråbeinstengslene.

Den verste bolken for folket rundt storbreden var åra kring 1740. Sumaren 1739 var våt og kald. Den store, kalde breden, som låg tett inn på og delvis rundt bygdene, gjorde at/det sette elingar og regndottar i fjella ut over heile sumaren, så kornet ikkje fekk mata. Det var då òg i åra etterpå at almetreet og almeborken gjekk inn som ei verdfull reserve i naudår. Mjøl av almebork var ei ufarleg blanding i matmjølet, og borken var så tjukk at det muna godt når dei tok ein stor alm. Utskiftningar frå 1740-åra syner at er så eit bruk ikkje fekk sin part av almetre i eige byte, vart bruket tillagt einskilde almetre i anna byte som hadde overtal. Så vart det rive fjellnever, som vart kokt og brukt til mat. Fjellnevra har ein elles brukt til oppdrett av kalf like opp mot vår tid. Frå gamalt var det vis å reisa på fiske ut med havet. Noko fisk fekk dei og i elvar og vatn.

Ser ein bort frå dei store ulukkene med tap av menneskeliv, hus og jord, kom likevel bygdene her etter måten betre gjennom hard-åra enn andre luter av landet. Tilgangane kunne vera små, men så var folk også smånøgde. Borkebrød og agnegrault er velkjende ord frå desse harde tidene.

I 1748 stogga den store brede-framstøyten. Men tilbakegangen gjekk smått til å byrja med. No syntet det seg at når breden var kome «på topp», kom han lett i rørsle, sjølv i stutte tidbolkar, kalde eller varme. Det er merke etter stutte framstøytar, som no ligg att i gamle bredelægje i form av skuvrender og morenehaugar.

I hundreåret 1750—1850 gjekk bredane seint, men sikkert tilbake, berre avbrote av mindre framstøytar inn i mellom. Då dei fyrste turistane kom, låg det endå store, skinande blåbredar langt fram gjennom dalane, og oppe

på høgda låg storbreden med dei store utsyn over fjell og vidde. Sume gjekk over breden i fotefaret åt jostedølene, som eit hundreår tidlegare under umenneskeleg slit hadde drege kornposane sine over.

Ved eit attersyn gjennom dei 300 år storbreden var til, lyt ein merka seg den seine voksteren i fyrste halvparten av 1600-talet. Legg ein dei offisielle tal for buskap og avling til grunn, må ein rekna med at det har vore ein god bolk rundt 1650, då jordbruksbygdene rundt breden hadde gode vilkår. Men grunnlaget for storbreden må likevel har vore lagt før 1650, for berre ein 20 års tid etterpå byrja dei fyrste skadane å syna seg, der bredetungene hadde stutt veg ut frå hovudmassivet, t.d. på Store-Sunde i Olden.

I den lange syrgjelege rekka av skadar og skyldavtak som rettsbøkene vitnar om, er det som det har vore eit lite unnatak i 1720-åra. Dette har sin grunn i at det nett då var aktuelt med ny matrikulering, og på dei brukta som låg under fare eller hadde lide skade, venta dei at faren og skadane ville gjeva automatisk utslag i den nye skylda, noko som elles var grunntanken i kong Frederik IV's brev 7. juli 1721 om den nye skyldsetjinga.

Ole Tungøyen var med som lagrettemann i møtet i matrikuleringskommisjonen den 16. oktober 1723. For Tungøyane vart avteke 16 merkers skyld. Som kjent vart det strid i administrasjonen om den nye skyldsetjinga, og endelykta vart at kongen den 6. desember 1724 sa frå at det nye matrikkelverket ikkje skulle gjelda.

Dette var eit vonbrot for dei folk som budde rundt breden. Bøndene hadde ymse slag røynsler når det galde embetsmennene og embetsverket, men kongen trudde dei alltid vel om, og trudde han alltid ville gjera vel. Når brukarane i Tungøyane i eit brev om skyldavtak seier: «... hvilket og strax af hans Kongl: Mayt allernaadigst blev approberet og endnu staar ved magt», så er det uttrykk for dette. Same tru og von låg til grunn då

Hugleik Tungøyen drog til kongen for å søkja retten sin mot jorddrotten, presten Hans Schreuder.

Det ligg 200 år frå storbreden hadde sitt maksimum og fram til vår tid, då det er lite og inkje att av breden og isen. Dei siste 70—80 åra av denne tidbolken har vore eit forvitneleg kapitel. Breden som ein gong spreidde død og ulukke kring seg, vart eit naturunder som vart vitja av titusentals menneske. Dei ville gjerne sjå det som pioneren på storbreden og «the grand old man» i turistferdsia i vårt land, William Cecil Slingsby, nemner som noko av det venaste som finst på vår jord.

S U M M A R Y

The Glacier and the Countryside.

The Jostedalsbrede is the largest glacier-field of continental Europe. From the glacier proper 24 glacial branches radiate. Both the main glacier and its branches have in the course of historic times undergone great changes as to the size, from a maximum after a period of considerable growth to a minimum following a period of great melting. These changes have influenced greatly on the neighbouring districts, both in Sogn and Nordfjord, with a direct effect on life and conditions of the people living near to the glacier.

In the middle of the 17th century the Jostedalsbrede reached a minimum. But from 1660 to 1748 there was a great increase and the branches moved down through the valleys destroying pastures and cultivated fields. Rivers that were dammed in broke their way into new beds and caused great damage. The descending of the glaciers in a couple of cases meant a real catastrophe to farms and outfarms (sætrar). In 1742 the Nigard-glacier swept away the farm Nigard in Jostedalen in Sogn. All houses were destroyed. On the neighbouring farm parts of the buildings were left. But the families on both farms got away in time although they had a narrow escape. On December 1st, 1743 the farm on Tungøyane in Nordfjord was completely destroyed by gravel, ice, water and stone that swept across the farm. Only two persons were rescued. This farm it was impossible to use and cultivate any longer so it was left out of the register.

The farmers suffering great loss from glacial damages again and again sent their petitions to the King asking for reductions of land-rent and taxes in order to keep up their living. From the period 1670 to 1750 the assize minutes contain numerous summaries of such cases with evidences of damages caused by the ice.

Through long periods the glacier was used as a road between

the districts around it. Across the ice field people from Jostedal travelled with their wooden pails and tubs to Nordfjord where they exchanged their wares and got corn in return. Sledges specially constructed were used in this traffic. Flocks of sheep, cows and horses were also led across the glacier both ways, particularly in the early summer, when the ice was even and without great fissures. The descent from the ice-massif was marked by cairns. The traffic across the glacier decreased in the 1850, when the building of roads was sped up in the districts around. The old tracks, however, were kept up by the tourist traffic that increased rapidly from 1870 onwards.

In 1738 the Jostedalsbrede reached a maximum. From 1750 to 1850 the glacier-branches withdrew slowly but steadily, only interrupted by minor advances. From about 1850 up to the beginning of the 20th century the glacier decreased rapidly, and after 1930 quite immensely. The tourist traffic to the glaciers grew steadily, particularly to the Bøyum-, Suphelle-, Briksdal- and Kjenndal-glacier, with a culmination in the 1920s. After the war this traffic has decreased.